



MØTEPROTOKOLL

Utval: Plan- og miljøutvalet

Møtestad: Rådhuset, Kantina

Dato: 21.05.2008

Tidspunkt: 12:30 – 18:45

Frå sak nr: 83/08 – 115/08

Følgjande medlemmer møtte:

Namn	Representerer
Øystein Reidar Moldeklev	FRP
Unni Andersen Sæbø	H
Linda Opdal	FRP
Kjetil Melvær	FRP
Berit Dale Øgaard	KRF
Ståle Juvik Hauge	AP
Gunnar Reidar Stusdal (gjeikk etter handsaming av sak 106/08)	SP
Astrid Namtvedt Sylta	AP
Tore Svendsen	SV

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Kåre Jordal	ass.rådmann
Lars Johan Haukås	rådgjevar
Tor Hegle	fagsjef byggesak
Benjamin Stephen Hugo Hicks	sakshandsamar
Knut Bjørnevoll	sakshandsamar
Frøydis Ones	fagsjef arealplan
Julie Daling (sak 102/08)	arealplanleggar
Aslaug Aalen (sak 109/08)	arealplanleggar
Tove Mette Fyllingen	sekretær

Diverse merknader:

Sak 110/08 skulle ikkje vore på sakskartet i dette møtet og er dermed trukket.

Sakene 93/08 tom 100 var handsama etter sak 91/08.

Sak 109/08 vart handsama etter sak 106/08

Øystein Reidar Moldeklev
leiar

Tore Svendsen

Gunnar Stusdal

Saksnr	Innhald	
PS 83/08	Godkjenning av møteprotokoll	
PS 84/08	Underskrift av dagens møteprotokoll	
PS 85/08	Delegerte saker	
PS 86/08	Referat saker	
PS 87/08	Byggjesak - gnr 226/7 - Padøy - utlegging av flytebryggje	
PS 88/08	Klage på avslag på søknad om dispensasjon- gnr 221 - lagerhall for asfalttilslag	<i>synfaring</i>
PS 89/08	Mindre vesentleg reguleringsendring - Vahaugen bustadfelt tomt 11	<i>synfaring</i>
PS 90/08	Klage på avslag på melding om tilbygg. Gnr137/47. Isdalbakken	<i>synfaring</i>
PS 91/08	Mindre vesentleg reguleringsendring av Knarvik Aust. Flytting av vegkryss mot Ev. 39 og busstop m.m.	<i>synfaring</i>
PS 92/08	Klage på avslag på nausttomt på gbnr 109/21 - Saltnes	
PS 93/08	Klage på vedtak i utvalssak 21/08 – tomannsbustad - KERO Invest AS - gbnr 123/115 - Risa	
PS 94/08	Klage på vedtak i utvalssak 23/08 – Kjedehus med 3 einingar - KERO Invest AS - gbnr 123/103 – Risa	
PS 95/08	Klage på vedtak i utvalssak 24/08 – Kjedehus med 3 einingar - KERO Invest AS - gbnr 123/93 – Risa	
PS 96/08	Klage på vedtak i utvalssak 25/08 – Kjedehus med 3 einingar - KERO Invest AS - gbnr 123/124 – Risa	
PS 97/08	Klage på vedtak i utvalssak 26/08 - tomannsbustad - KERO Invest AS - gbnr 123/87, 127, 128, 129, 131 – Risa	
PS 98/08	Klage på vedtak i utvalssak 27/08 - tomannsbustad - KERO Invest AS - gbnr 123/165 – Risa	
PS 99/08	Klage på avgjerd i sak 74/08 om oppføring av gjerde på regulert butikk-, kontor- og bustadeigedom gnr. 188, bnr. 346 i Knarvik sentrum	
PS 100/08	Framlegg til endring av reguleringsendring for Ikenberget bustad- og næringsområde. Betre og tryggja trafikkavviklinga i og frå/til planområdet. 2alt. framlegg til vegløyningar.	
PS 101/08	Klage - avslag på deling til areal vegføremål - gnr/bnr 134/31 - Alverstraumen	
PS 102/08	Hilland Vest - Bebyggelsesplan felt 6 2.gongs handsaming	
PS 103/08	Søknad om dispensasjon, flytting av festetomt på gnr 83 bnr 1 fnr 7 på Spjotøy	
PS 104/08	Mindre vesentleg endring av reguleringsplan for Rissundet - Kenneth Loftaas - gbnr 123/84 m fl Risa	

- PS 105/08 Delingssak - gbnr 90/2 Hauge (Vågseidet) - areal til bustad 2. gongs handsaming
- PS 106/08 Søknad om konsesjon for overtaking av gbnr 56/9 Hundvin
- PS 107/08 Søknad om fritak frå buplikt gnr 125/3 Kjeilo i Lindås
- PS 108/08 Søknad om godkjenning av nytt storvald for hjort Myking og Hundvingrend grunneigarlag og godkjenning av bestand/avskytingsavtale
- PS 109/08 Framlegg til planprogram og oppstart av planarbeid
Kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurekavlen
- PS 110/08 Vurdering av planprogram med konsekvensutgreiing - reguleringsplan Knarvik sentrum
- PS 111/08 Framlegg til reguleringsplan for Mangerbua II bustadfelt, gnr. 137, bnr. 289 og 538 Alver. 3. gongs handsaming.
- PS 112/08 Høyring av melding og konsekvensutgreiingsprogram for transport og lagring av CO2 frå Mongstad og Kårstø
- PS 113/08 Uttale til planprogram - reguleringsplan for Midtmarka, Meland kommune
- PS 114/08 Kommunedelplan for Radøy sør - vurdering av planframlegget i Radøy kommune - offentleg ettersyn
- PS 115/08 Meldingar/orienteringar

PS 83/08 Godkjenning av møteprotokoll

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Ingen merknader.

Samrøystes.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Protokollen er godkjent.

PS 84/08 Underskrift av dagens møteprotokoll

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Framlegg om Gunnar Stusdal og Tore Svendsen i tillegg til leiar.

Samrøystes.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Gunnar Stusdal og Tore Svendsen er vald i tillegg til leiar.

PS 85/08 Delegerte saker

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Meldingane vart teken til orientering.

Samrøystes.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Meldingane vart teken til orientering.

PS 86/08 Referat saker

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Meldingane vart teken til orientering.

Samrøystes.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Meldingane vart teken til orientering.

PS 87/08 Byggjesak - gnr 226/7 - Padøy - utlegging av flytebryggje

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 7 finn kommunen ikkje å kunne gje dispensasjon frå Plan- og bygningslova § 17-2 og Kommuneplan for Lindås kommune 2003-2014 sine føresegner av 20.03.2003, då det etter ein konkret og samla vurdering ikkje ligg føre særleg grunn.

Det må også takast omsyn til landskapsestetiske og visuelle forhold på staden i samsvar med Pbl § 74, nr 2.

Søknaden vert såleis ikkje godkjent og saka vert sendt til fylkesmannen for avgjerd.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Utvalet var på synfaring før møtet starta.

Framlegg frå Ø.Moldeklev – Frp:

Med heimel i pbl § 7 finn kommunen å gje dispensasjon frå pbl § 17-2 og kommuneplanen for Lindås kommune 2003 – 2014.

Tiltaket vil vera med på å sikra eigars bruk av hytteeigars bruk av hytta på heilårsbasis.

Framlegget vart vedteke med 5 røyster (Moldeklev-Frp, Melvær-Frp, Opdal-Frp, Stusdal-Sp og Øgaard-Krf)

Rådmannen sitt framlegg fekk 4 røyster og fall.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Med heimel i pbl § 7 finn kommunen å gje dispensasjon frå pbl § 17-2 og kommuneplanen for Lindås kommune 2003 – 2014.

Tiltaket vil vera med på å sikra eigars bruk av hytteeigars bruk av hytta på heilårsbasis.

PS 88/08 Klage på avslag på søknad om dispensasjon- gnr 221/ - lagerhall for asfalttilslag

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet er positivt innstilt til å ta klaga til følgje. Tiltaket må ikkje kome i konflikt med område regulert til anna formål. Søknaden skal sendast ut på høyring før Plan- og miljøutvalet tek endeleg stilling til saka.

- Det vert sett vilkår om at tiltaket må utførast slik at utrasing mot elva hindrast og at avrenning av overvant leiast i eige avløp nedstrøms tiltaket.

- Det vert sett vilkår om at tiltaket er mellombels inntil 10 år frå dato.

- Tiltaket må plasserast lengst mogeleg frå elva.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Utvalet var på synfaring før møtet starta.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Plan- og miljøutvalet er positivt innstilt til å ta klaga til følge. Tiltaket må ikkje kome i konflikt med område regulert til anna formål. Søknaden skal sendast ut på høyring før Plan- og miljøutvalet tek endeleg stilling til saka.

- Det vert sett vilkår om at tiltaket må utførast slik at utrasing mot elva hindrast og at avrenning av overvann leiast i eige avløp nedstrøms tiltaket.
- Det vert sett vilkår om at tiltaket er mellombels inntil 10 år frå dato.
- Tiltaket må plasserast lengst mogeleg frå elva.

PS 89/08 Mindre vesentleg reguleringsendring

Vahaugen bustadfelt tomt 11

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 28-1, 2 vert søknad om endring frå einebustad til tre bustadeiningar på tomt 11 i Vahaugen bustadfelt, gnr 212 bnr 113 delvis godkjent. Det vert gitt løyve til to bustadeiningar på følgjande vilkår.

1. Utforming av fylling skal avgjerast i samarbeid med kommunen.
2. Ny fylling må ikkje stengje snarveg som går gjennom friluftsområdet
3. Minste uteopphaldsareal vert sett til 50 m² per bustadeining. Uteopphaldsarealet skal vere på stille side i høve E39.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Utvalet var på synfaring før møtet starta.

Framlegg frå T.Svendsen – Sv:

Saka utsettes til neste møte slik at tiltakshavar kan synleggjera synseffekten ved tilførte fotomontage frå E39 side frå nord/øst og frå syd/vest, samt profiler øst-vest.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Saka utsettes til neste møte slik at tiltakshavar kan synleggjera synseffekten ved tilførte fotomontage frå E39 side frå nord/øst og frå syd/vest, samt profiler øst-vest.

PS 90/08 Klage på avslag på melding om tilbygg. Gnr137/47. Isdalbakken

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Ein kan ikkje sjå at det kjem fram nye opplysningar i saka som skule tilseia ei endring av tidlegare avgjerd.

Saka vert sendt til fylkesmann til endeleg avgjer.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Utvalet var på synfaring før møtet starta.

Framlegg frå B.Øgaard-Krf:

Saka vert utsett til neste møte 11.juni under forutsetning av at vi får ein fotomontasje – korleis bygget vil sjå ut spesielt ut frå riksv.565 (Isdalbakken)

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Saka vert utsett til neste møte 11.juni under forutsetning av at vi får ein fotomontasje – korleis bygget vil sjå ut spesielt ut frå riksv.565 (Isdalbakken)

PS 91/08 Mindre vesentleg reguleringsendring av Knarvik Aust. Flytting av vegkryss mot Ev. 39 og busstop m.m.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

I medhald av § 28-1 pkt 2 i plan- og bygningslova jf. § 27-1 vert flytting av veg og vegkryss mot Ev. 39 m.m. i reguleringsplan for Knarvik Aust og Felt E (Såtafeltet) sist datert 22.04.08 godkjent som mindre vesentleg regulering.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Utvalet var på synfaring før møtet starta.

Framlegg frå S.Hauge – Ap:

Saka utsettes til neste møte. Adm.utgreiier kostnad med undergang under ny veg og alternativ plassering av noverande regulert veg mot øst og støyskjerming med jordvoll mot gravplass. Skriftleg dokumentasjon på møte og avtale med eigar av 188 – 393 – 394 – 103 – 330 – 104 framlegges.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Saka utsettes til neste møte. Adm.utgreiier kostnad med undergang under ny veg og alternativ plassering av noverande regulert veg mot øst og støyskjerming med jordvoll mot gravplass. Skriftleg dokumentasjon på møte og avtale med eigar av 188 – 393 – 394 – 103 – 330 – 104 framlegges.

PS 92/08 Klage på avslag på nausttomt på gbnr 109/21 - Saltnes

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i Pbl § 7, jf § 17-2, jf § 20-6, jf § 74 punkt 2 avslåas søknad om dispensasjon til naust med båtopptrekk.

I samsvar med plan- og bygningslova § 15 vert saka sendt Fylkesmannen, justis- og forvaltningsavdelinga til avgjerd.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Med heimel i Pbl § 7, jf § 17-2, jf § 20-6, jf § 74 punkt 2 avslåas søknad om dispensasjon til naust med båtopptrekk.

I samsvar med plan- og bygningslova § 15 vert saka sendt Fylkesmannen, justis- og forvaltningsavdelinga til avgjerd

PS 93/08 Klage på vedtak i utvalssak 21/08 – tomannsbustad - KERO

Invest AS - gbnr 123/115 - Risa

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering, og kan ikkje ut frå klagen datert 22.03.2008, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd.

Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i utvalssak 21/08 frå møte 27.02.2008

I samsvar med Plan- og bygningslova § 15 vert saka send til fylkesmannen til avgjerd.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering, og kan ikkje ut frå klagen datert 22.03.2008, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd.

Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i utvalssak 21/08 frå møte 27.02.2008
I samsvar med Plan- og bygningslova § 15 vert saka send til fylkesmannen til avgjerd.

PS 94/08 Klage på vedtak i utvalssak 23/08 – Kjedehus med 3 einingar - KERO Invest AS - gbnr 123/103 - Risa

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering, og kan ikkje ut frå klagen datert 22.03.2008, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd.

Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i utvalssak 23/08 frå møte 27.02.2008
I samsvar med Plan- og bygningslova § 15 vert saka send til fylkesmannen til avgjerd.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering, og kan ikkje ut frå klagen datert 22.03.2008, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd.

Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i utvalssak 23/08 frå møte 27.02.2008
I samsvar med Plan- og bygningslova § 15 vert saka send til fylkesmannen til avgjerd.

PS 95/08 Klage på vedtak i utvalssak 24/08 – Kjedehus med 3 einingar - KERO Invest AS - gbnr 123/93 - Risa

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering, og kan ikkje ut frå klagen datert 22.03.2008, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd.

Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i utvalssak 24/08 frå møte 27.02.2008
I samsvar med Plan- og bygningslova § 15 vert saka send til fylkesmannen til avgjerd.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering, og kan ikkje ut frå klagen datert 22.03.2008, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd.

Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i utvalssak 24/08 frå møte 27.02.2008
I samsvar med Plan- og bygningslova § 15 vert saka send til fylkesmannen til avgjerd.

PS 96/08 Klage på vedtak i utvalssak 25/08 – Kjedehus med 3 einingar - KERO Invest AS - gbnr 123/124 - Risa

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering, og kan ikkje ut frå klagen datert 22.03.2008, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd.

Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i utvalssak 25/08 frå møte 27.02.2008
I samsvar med Plan- og bygningslova § 15 vert saka send til fylkesmannen til avgjerd

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering, og kan ikkje ut frå klagen datert 22.03.2008, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd.

Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i utvalssak 25/08 frå møte 27.02.2008
I samsvar med Plan- og bygningslova § 15 vert saka send til fylkesmannen til avgjerd

PS 97/08 Klage på vedtak i utvalssak 26/08 - tomannsbustad - KERO Invest AS - gbnr 123/87, 127, 128, 129, 131 - Risa

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering, og kan ikkje ut frå klagen datert 22.03.2008, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd.

Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i utvalssak 26/08 frå møte 27.02.2008
I samsvar med Plan- og bygningslova § 15 vert saka send til fylkesmannen til avgjerd.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering, og kan ikkje ut frå klagen datert 22.03.2008, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd.

Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i utvalssak 26/08 frå møte 27.02.2008
I samsvar med Plan- og bygningslova § 15 vert saka send til fylkesmannen til avgjerd.

PS 98/08 Klage på vedtak i utvalssak 27/08 - tomannsbustad - KERO Invest AS - gbnr 123/165 - Risa

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering, og kan ikkje ut frå klagen datert 22.03.2008, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd.

Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i utvalssak 27/08 frå møte 27.02.2008
I samsvar med Plan- og bygningslova § 15 vert saka send til fylkesmannen til avgjerd.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering, og kan ikkje ut frå klagen datert 22.03.2008, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd.

Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i utvalssak 27/08 frå møte 27.02.2008
I samsvar med Plan- og bygningslova § 15 vert saka send til fylkesmannen til avgjerd.

PS 99/08 Klage på avgjerd i sak 74/08 om oppføring av gjerde på regulert butikk-, kontor- og bustadeigedom gnr. 188, bnr. 346 i Knarvik sentrum

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Alt. 1:

Plan- og miljøutvalet tek klagen frå adv. Kjell- A. Helland dagsett 24.04.08 m/vedlegg til følge.

Før plan- og miljøutvalet tek stode til ny handsaming av gjerde/stengsel (slik tidlegare anleggsgjerde var plassert på gnr. 188, bnr. 346 er dette å sjå på som søknadspiktig tiltak (uansett storleik på tiltaket) i samsvar med § 93g i plan- og bygningslova og sakshandsamingsreglane i SAK kap. VI. jf grunngjeving i saksutgreiinga.

Utvalet held difor fast på sitt vedtak frå møte den 27.02.08 i sak 40/08.

I samsvar med plan- og bygningslova § 15 vert saka sendt fylkesmannen , justis- og forvaltningsavdelinga til avgjerd.

Alt. 2:

Plan- og miljøutvalet kan ikkje sjå at det i brev frå adv. Kjell-A. Helland datert 24.04.08 m/vedlegg er kome fram nye opplysningar som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd. Utvalet held difor fast på sitt vedtak gjort i møte den 09.04.08 i sak 74/08.

I samsvar med plan- og bygningslova § 15 vert saka sendt fylkesmannen , justis- og forvaltningsavdelinga til avgjerd.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Utdelt i møte:

Sak 99/08 – med endring dat.19.05.08, grunna e-post frå Helse Bergen vart denne trukket.
8 bilder frå staden frå adv.Helland
Skriv frå Helse Bergen dat. 14.05.08

E-post frå Helse Vest v/Kjell Håland vart opplest i møte.

Møtet vart lukka og ordførar orienterte.

Helse Bergen ber Lindås kommune sjå bort frå skrivet dat.14.05.08.

Spørsmål om Tore Svendsen er gild i handsaming av saka vart tatt opp, mot 1 røyst (Moldeklev)

Ser utvalet at Tore Svendsen er gild i handsaming av saka.

Rådmannen alternativ 1 vart vedteke med 5 røyster (Svendsen-Sv, Stusdal-Sp, Sylta-Ap, Hauge-Ap og Sæbø-H)

Rådmannen sitt alternativ 2 fekk 4 røyster og fall.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Plan- og miljøutvalet tek klagen frå adv. Kjell- A. Helland dagsett 24.04.08 m/vedlegg til følge.

Før plan- og miljøutvalet tek stode til ny handsaming av gjerde/stengsel (slik tidlegare anleggsgjerde var plassert på gnr. 188, bnr. 346 er dette å sjå på som søknadspliktig tiltak (uansett storleik på tiltaket) i samsvar med § 93g i plan- og bygningslova og sakshandsamingsreglane i SAK kap. VI. jf grunngjeving i saksutgreiinga. Utvalet held difor fast på sitt vedtak frå møte den 27.02.08 i sak 40/08.

I samsvar med plan- og bygningslova § 15 vert saka sendt fylkesmannen , justis- og forvaltningsavdelinga til avgjerd.

PS 100/08 Framlegg til endring av reguleringsendring for Ikenberget bustad- og næringsområde. Betre og tryggja trafikkavviklinga i og frå/til planområdet. 2alt. framlegg til vegløyserar .

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Vegløysering etter alt. 2d skal vera retningsgjevande for reguleringsendringa for å betra og tryggja trafikkavviklinga i planområdet.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Framlegg frå Ø.Moldeklev - Frp:

Plan- og miljøutvalet utset saka til neste møte. Rådmannen må til same møte koma med eit framlegg til innløysering av Foss Eiendom AS .

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Plan- og miljøutvalet utset saka til neste møte. Rådmannen må til same møte koma med eit framlegg til innløysering av Foss Eiendom AS .

PS 101/08 Klage - avslag på deling til areal vegføremål - gnr/bnr 134/31 - Alverstraumen

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 63, jf. § 20-6, vert klagen på det administrative vedtaket avvist. Søknaden om deling er ikkje i samsvar med reguleringsplan for Rv.565, HP1, parsell: Hilland Alverstraumen, og kommunedelplan for Alverstraumen. Tilkomsten til areala på austsida av Rv. 565 må vurderast gjennom ein reguleringsplan.

Klagen vert sendt fylkesmannen ved justis- og forvaltningsavdelinga for endeleg avgjerd.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Med heimel i plan- og bygningslova § 63, jf. § 20-6, vert klagen på det administrative vedtaket avvist. Søknaden om deling er ikkje i samsvar med reguleringsplan for Rv.565, HP1, parsell: Hilland Alverstraumen, og kommunedelplan for Alverstraumen. Tilkomsten til areala på austsida av Rv. 565 må vurderast gjennom ein reguleringsplan.

Klagen vert sendt fylkesmannen ved justis- og forvaltningsavdelinga for endeleg avgjerd.

PS 102/08 Hilland Vest - Bebyggelsesplan felt 6

2.gongs handsaming

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 28-2, vert framlegg til utbyggingsplan for Hilland Vest felt 6 datert 06.05.08, samt reguleringføresegner datert 06.04.05 med utfyllande føresegner, sist datert 06.05.08 godkjent.

Vilkår for godkjenning:

- Dei kommunaltekniske anlegga må dimensjonerast opp til å kunne ta imot den auken som kjem i tal bueiningar i felt 6 og 7.
- Teknisk plan for planområdet skal liggja føre og godkjennast av Teknisk Drift i Lindås kommune før igangsetting vert godkjent.
- Utbyggingstakt er for 2008 regulert til 15 bueiningar på Hilland Vest. Bustadbyggeprogrammet for Lindås kommune 2009 – 2011 vil regulere utbyggingstakten vidare.
- Det vert meldt oppstart for omregulering av felt 7 ned mot sjøen og grendahus/ barnehagetomt i felt 4 på haugen innan utgangen av 2008.
- Utbyggingsplanen må liggja føre i standard SOSI-format og med feilfri rapport for SOSI-kontroll.

I og med at motsegna frå Fylkesmannen er trekt, kan utbyggingsplanen endeleg godkjennast av plan- og miljøutvalet.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Rådmannen sitt framlegg med fylgjande tillegg:

Uttale råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert tatt med.

Pkt. frå vedtaket i pm 27.02.08 vert tatt med.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Terrenget må utnyttast slik at det vert trinnfri tilkomst til bustadhusa. Det må planleggjast parkeringsplassar for rullestolbrukarar, p.g.a. høgde på bil, helst med utvendig parkering. Gangvegar skal ha fast vegdekke og stå i kontrast til øvrig terreng. Tilkomst til grendahus må vera mogleg med bil og laga plass til parkering der. Tydeleg info/skilting med bruk av symbol.

Føresegnene til Hilland Vest reg.plan må endres slik at dei vert klar for eksempel §3 pkt 3.2, ”småhus” må spesifiserast nærare, tomter som passer for tomannsbustader må avmerkes på plankartet. Ute opphaldsareal skal vera 400 m2 frittliggjande einebustader og ”toetasjes småhus”.

I samsvar med plan- og bygningslova § 28-2, vert framlegg til utbyggingsplan for Hilland Vest felt 6 datert 06.05.08, samt reguleringføresegner datert 06.04.05 med utfyllande føresegner, sist datert 06.05.08 godkjent.

Vilkår for godkjenning:

- Dei kommunaltekniske anlegga må dimensjonerast opp til å kunne ta imot den auken som kjem i tal bueiningar i felt 6 og 7.
- Teknisk plan for planområdet skal liggja føre og godkjennast av Teknisk Drift i Lindås kommune før igangsetting vert godkjent.

- Utbyggingstakt er for 2008 regulert til 15 bueiningar på Hilland Vest. Bustadbyggeprogrammet for Lindås kommune 2009 – 2011 vil regulere utbyggingstakten vidare.
- Det vert meldt oppstart for omregulering av felt 7 ned mot sjøen og grendahus/ barnehagetomt i felt 4 på haugen innan utgangen av 2008.
- Utbyggingsplanen må liggja føre i standard SOSI-format og med feilfri rapport for SOSI-kontroll.

I og med at motsegna frå Fylkesmannen er trekt, kan utbyggingsplanen endeleg godkjennast av plan- og miljøutvalet.

PS 103/08 Søknad om dispensasjon, flytting av festetomt på gnr 83 bnr 1 fnr 7 på Spjotøy

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Klagen har ikkje komme med nye moment som er avgjerande for dei omsyna som kommunen har ivaretatt ved å avslå søknaden om dispensasjon. Klagen vert ikkje tatt til følgje og vedtaket om avslag vert ståande inntil Fylkesmannen ved justis- og forvaltningsavdelinga gjer endelig vedtak i saka jf plan- og bygningslova § 15.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Utvalet opprettheld vedtaket frå 27.02.2008.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Plan- og miljøutvalet gjev dispensasjon i følgje § 7 i pbl.

Grunngjeving:

- hytta kommer lenger vekk frå badevik
- det er flyttet hytte tidlegare
- landbruksarealet vert ikkje skadelidande

PS 104/08 Mindre vesentleg endring av reguleringsplan for Rissundet - Kenneth Loftaas - gbnr 123/84 m fl Risa

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Alternativ 1. Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 28-1 nr.2 vert mindre vesentleg endring av reguleringsplan godkjend med følgjande endra paragrafar i føresegnene:

§ 2 Arealet skal byggjast ut med frittliggjande einebustader og kjedehus, til dømes slik som vist i illustrasjonsplan.

På del av felt B4 (bnr 140), felt BS og felt B12 kan arealet byggjast ut med frittliggjande tomannsbustader.

§ 4 Bustadene kan oppførast i 1 høgd. Kommunen kan i visse høve gje løyve til 1 høgd + loftetasje.

Kor terrengforhold tilseier det, kan det på del av felt B4 (bnr 140), felt BS og felt B12 oppføres bygningar i 1 høgd + underetasje

§ 6 Kvar frittliggjande einebustad skal ha plass for minst 1 garasje, og i tillegg til denne 1 biloppstillingsplass på eigen grunn.

Frittliggjande tomannsbustader skal ha plass for minst 1 garasjeplass for kvar eining på eigen grunn og i tillegg til denne minst 1 biloppstillingsplass pr bueining på eigen grunn."

§ 6 Kvar bueining skal ha minst to biloppstillingsplassar inkludert garasje plass(ar). Garasjeplassering skal visast på sitiasjonsplanen ved byggemelding av bustad.

Alternativ 2. Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 28-1 nr.2 vert mindre vesentleg endring av reguleringsplan godkjend med følgjande endra paragrafar i føresegnene:

§ 2 Arealet skal byggjast ut med frittliggjande einebustader og kjedehus, til dømes slik som vist i illustrasjonsplan.

Tomter som er store nok kan byggjast ut med frittliggjande tomannsbustader.

§ 4 Bustadene kan oppførast i 1 høgd. Kommunen kan i visse høve gje løyve til 1 høgd + loftetasje.

Der terrengforholda tilseier det, kan oppførast bygningar i 1 høgd + underetasje

§ 6 Kvar frittliggjande einebustad skal ha plass for minst 1 garasje, og i tillegg til denne 1 biloppstillingsplass på eigen grunn.

Frittliggjande tomannsbustader skal ha plass for minst 1 garasjeplass for kvar eining på eigen grunn og i tillegg til denne minst 1 biloppstillingsplass pr bueining på eigen grunn.”

Alternativ 3. Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Kommunen si tolking av reguleringsføresegnene § 4 er følgjande:

- Bustad med ein etasje pluss innreidd loft kan ha mønehøgd opp til 8,5 m og gesimshøgd opp til 4,5 m
- Bustad med ein etasje pluss underetasje delvis under terreng kan ha mønehøgt opp til 6,5 m og gesimshøgd opp til 4,5 m.
- Tomannsbustader er tillate innafor dei avgrensingar av bygningstypar som planen set, men ikkje vertikal- eller horisontaldelte bustadbygg med fleire enn to einingar, som ikkje kan definerast som kjedehus.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Framlegg frå S.Hauge – Ap:

Saka vert utsatt. Administrasjonen utreder tolking av 1 ½ etg i føresegnene. Opp mot eksisterande bebygging i Rissund feltet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Saka vert utsatt. Administrasjonen utreder tolking av 1 ½ etg i føresegnene. Opp mot eksisterande bebygging i Rissund feltet.

PS 105/08 Delingssak - gbnr 90/2 Hauge (Vågseidet) - areal til bustad 2. gongs handsaming

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i kommuneplanen, jfr. Plan- og bygningslova § 20-6 og med grunngjeving i saksvurderinga, godkjenner ikkje Plan- og miljøutvalet søknad om løyve til frådeling av ein bustadtomt på ca 1 dekar frå gnr 90 bnr 2.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Framlegg frå S.Hauge – Ap:

Saka vert utsett og administrasjonen utgreier saka i forhold til pbl §§ 65 tom 67

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Saka vert utsett og administrasjonen utgreier saka i forhold til pbl §§ 65 tom 67

PS 106/08 Søknad om konsesjon for overtaking av gbnr 56/9 Hundvin

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune gjev ikkje konsesjon til Bjørn Ove Hvidsten for overtaking av gnr. 56 bnr. 9 i Lindås. Grunngeving er for høg pris.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 9.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Framlegg frå Ø.Moldeklev – Frp:

Lindås kommune gjev konsesjon til Bjørn Ove Hvidsten for overtaking av gnr. 56 bnr. 9 i Lindås. Kjøpet medfører bu- og drivplikt.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (mot Hauge-Ap, Sylta-Ap og Stusdal-Sp)

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Lindås kommune gjev konsesjon til Bjørn Ove Hvidsten for overtaking av gnr. 56 bnr. 9 i Lindås. Kjøpet medfører bu- og drivplikt.

PS 107/08 Søknad om fritak frå buplikt gnr 125/3 Kjeilo i Lindås

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune vil ikkje koma med krav om buplikt på gnr 125 bnr Kjeilo ved overdraging av Bjarne M Iversen sin halvdel av eigedomen til sonen Bjarte Iversen, under den føresetnad av at dei produktive landbruksareala vert haldne i hevd, enten ved eiga drift eller ved bortleige.

Vedtaket har heimel i odelslova § 27a

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Saka vart handsame med 8 medl.til stades.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Lindås kommune vil ikkje koma med krav om buplikt på gnr 125 bnr Kjeilo ved overdraging av Bjarne M Iversen sin halvdel av eigedomen til sonen Bjarte Iversen, under den føresetnad av at dei produktive landbruksareala vert haldne i hevd, enten ved eiga drift eller ved bortleige.

Vedtaket har heimel i odelslova § 27a

PS 108/08 Søknad om godkjenning av nytt storvald for hjort Myking og Hundvingrend grunneigarlag og godkjenning av bestand/avskytingsavtale

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Myking og Hundvingrend storvald vert godkjent som eige vald med eit jaktbart areal på 69.100 dekar. Bestandsplan/avskytingsavtale for 2008 – 2010 med eit uttak på 354 dyr i perioden vert godkjent.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Ståle J.Hauge – Ap var ugild i handsaming av saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Det var 7 medl.tilstades under røystinga.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Myking og Hundvingrend storvald vert godkjent som eige vald med eit jaktbart areal på 69.100 dekar. Bestandsplan/avskytingsavtale for 2008 – 2010 med eit uttak på 354 dyr i perioden vert godkjent.

PS 109/08 Framlegg til planprogram og oppstart av planarbeid**Kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurekavlen****Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiing § 6 vert framlegg til planprogram for kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 21.05.-21.07.08. Parallelt med dette skal det kunngjerast oppstart for arbeid med kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, jf. plan- og bygningslova §20-5.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Det var 8 medl.til stades.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiing § 6 vert framlegg til planprogram for kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 21.05.-21.07.08. Parallelt med dette skal det kunngjerast oppstart for arbeid med kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, jf. plan- og bygningslova §20-5.

PS 110/08 Vurdering av planprogram med konsekvensutgreiing - reguleringsplan Knarvik sentrum**Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding til vedtak.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Saka skulle ikkje vore på sakskartet i dette møtet og vert dermed trukket.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Saka vert trukket frå sakskartet.

PS 111/08 Framlegg til reguleringsplan for Mangerbua II bustadfelt, gnr. 137, bnr. 289 og 538 Alver. 3. gongs handsaming.**Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

I medhald av pbl § 27-2 nr 1 vert framlegg til reguleringsplan m/føresegner for Mangerbua II, sist datert 22.04.08 godkjent på følgjande vilkår:

Planen skal leggjast fram for kommunestyret til eigengodkjenning så snart den ligg føre i standard SOSI-format godkjent av kommunen.

Planområdet skal tilknyttast offentleg vatn- og kloakkleidning. Teknisk plan som syner dette skal godkjennast av kommunen før utbygging.

Utbyggingsavtale mellom utbyggjar og kommunen skal vera godkjent av kommunestyret før utbygginga av området kan setjast i gang. I utbyggingsavtalen skal det m.a. vera rekkefølgekrav om at vegkryss Rv. 565 og Buheim reguleringsplan og manglande gangveg/fortau i Buheim skal vera opparbeidd før det kan gjevast mellombels bruksløyve/ferdigattest på bustader i Mangerbua II.

Vidare må det gå fram av at utbygginga skal gjennomførast i tråd med bustadbyggingsprogrammet i kommunedelplan for bustadbygging.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Vedtak frå møte i råd frå menneske med nedsett funksjonsevne – 19.05.2008 – vart utdelt i møte.

Som tidlegare sakshandsamar i saka var Tore Svendsen ugild.

Fellesframlegg

Rådmannen sitt framlegg med endring av pkt.1.5.

I byggeområda for bustader er det lagt til rette for oppføring av

- inntil 2 bueiningar på tomter for einebustad
- bueining nr.2 med BRA inntil 50 m² på einebustadstomtar som er store nok til at ein kan løysa det samla generelle kravet til parkering og uteopphaldsareal.
- inntil 4 bueiningar på tomter for tomannsbustad.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sitt vedtak frå 19.05.2008 vert tatt med.

Terrenget må utnyttast slik at det vert trappefri tilkomst til bustadhusa. Det må planleggjast parkeringsplassar for rullestolbrukarar, p.g.a. høgde på bil, helst med utvendig parkering.

Gangvegar skal ha fast vegdekke og stå i kontrast til øvrig terreng.

Tydeleg info/skilting med bruk av symbol.

Framlegga vart samrøystes vedteke.

Det var 7 medl.tilstades.

Innstilling i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

I medhald av pbl § 27-2 nr 1 vert framlegg til reguleringsplan m/føresegner for Mangerbua II, sist datert 22.04.08 godkjent på følgjande vilkår:

I byggeområda for bustader er det lagt til rette for oppføring av

- inntil 2 bueiningar på tomter for einebustad
- bueining nr.2 med BRA inntil 50 m² på einebustadstomtar som er store nok til at ein kan løysa det samla generelle kravet til parkering og uteopphaldsareal.
- inntil 4 bueiningar på tomter for tomannsbustad.

Terrenget må utnyttast slik at det vert trappefri tilkomst til bustadhusa. Det må planleggjast parkeringsplassar for rullestolbrukarar, p.g.a. høgde på bil, helst med utvendig parkering.

Gangvegar skal ha fast vegdekke og stå i kontrast til øvrig terreng.

Tydeleg info/skilting med bruk av symbol.

Planen skal leggjast fram for kommunestyret til eigengodkjenning så snart den ligg føre i standard SOSI-format godkjent av kommunen.

Planområdet skal tilknyttast offentleg vatn- og kloakkleidning. Teknisk plan som syner dette skal godkjennast av kommunen før utbygging.

Utbyggingsavtale mellom utbyggjar og kommunen skal vera godkjent av kommunestyret før utbygginga av området kan setjast i gang. I utbyggingsavtalen skal det m.a. vera rekkefølgekrav om at vegkryss Rv. 565 og Buheim reguleringsplan og manglande gangveg/fortau i Buheim skal vera opparbeidd før det kan gjevast mellombels bruksløyve/ferdigattest på bustader i Mangerbua II.

Vidare må det gå fram av at utbygginga skal gjennomførast i tråd med bustadbyggingsprogrammet i kommunedelplan for bustadbygging.

PS 112/08 Høyring av melding og konsekvensutgreiingsprogram for transport og lagring av CO2 frå Mongstad og Kårstø

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune vurderer lagring av CO2 i Johansen formasjonen til å vere den beste løysinga. Kommunen har ikkje merknader til utgreiingsprogrammet.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

1. Lindås kommune vurderer lagring av CO2 i Johansen formasjonen til å vere den beste løysinga.

Framlegget vart vedteke mot 2 røyster (Svendsen-Sv og Melvær-Frp)

2. Kommunen har ikkje merknader til utgreiingsprogrammet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Det var 8 medl.tilstades.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Lindås kommune vurderer lagring av CO2 i Johansen formasjonen til å vere den beste løysinga. Kommunen har ikkje merknader til utgreiingsprogrammet.

PS 113/08 Uttale til planprogram - reguleringsplan for Midtmarka, Meland kommune

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune har følgjande merknader til framlegg til planprogram for Midtmarka i Meland kommune:

- 1) Eit kart med høgdekoter og med målestokk som viser dei eksakte grensene for planområdet vil gje betre informasjon for lesaren av planprogrammet.
- 2) Ei utvikling i Midtmarka bør byggje opp under den etablerte senterstrukturen i regionen. Ei utvikling av areala på Midtmarka vil binde aksen Frekhaug – Knarvik tettare saman. Det er viktig at utbygginga styrkar desse senterområda.
- 3) Det er positivt med eit nytt veganlegg i området.
- 4) Tilkomsten til Håøy med parkeringsanlegg er viktig sidan området er brukt av personer frå heile regionen.
- 5) Offentleg tilgjengeleg strandsona er ein viktig kvalitet og ressurs både i forhold til bumiljø, friluftsliv og reiseliv. Dette er omsyn som bør ivaretakast i planarbeidet. Kartlegging av den funksjonelle strandsona er ei god tilnærming til dette punktet. Ei slik kartlegging vil m.a. også vere til hjelp for synleggjeringa av arealbrukskonfliktar i strandsona.

- 6) Det er viktig at det vert teke landskapsomsyn ved lokalisering av bygg og anlegg i planområdet. Vi vil be om at det vert utarbeidd illustrasjonar som synleggjer det visuelle frå Lindås sida og ”den indre farleia”, og at dette vert lagt ved når planen skal til offentleg ettersyn.
- 7) I søre del av regionen er det i liten grad lagt til rette for offentlege badeplassar. Det vil vere ein kvalitet for området og bustadaksen Knarvik – Frekhaug om planen legg til rette for eit slikt område.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Framlegg frå S.Hauge – Ap:

Rådmannen sitt framlegg med tillegg.

Ein føreset at det ikkje vert gjeve løyve til bygging eller tiltak som gjev endring i landskapssiluet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Det var 8 medl.tilstades.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune har følgjande merknader til framlegg til planprogram for Midtmarka i Meland kommune:

- 1) Eit kart med høgdekoter og med målestokk som viser dei eksakte grensene for planområdet vil gje betre informasjon for lesaren av planprogrammet.
- 2) Ei utvikling i Midtmarka bør byggje opp under den etablerte senterstrukturen i regionen. Ei utvikling av areala på Midtmarka vil binde aksen Frekhaug – Knarvik tettare saman. Det er viktig at utbygginga styrkar desse senterområda.
- 3) Det er positivt med eit nytt veganlegg i området.
- 4) Tilkomsten til Håøy med parkeringsanlegg er viktig sidan området er brukt av personer frå heile regionen.
- 5) Offentleg tilgjengeleg strandsone er ein viktig kvalitet og ressurs både i forhold til bumiljø, friluftsliv og reiseliv. Dette er omsyn som bør ivaretakast i planarbeidet. Kartlegging av den funksjonelle strandsona er ei god tilnærming til dette punktet. Ei slik kartlegging vil m.a. også vere til hjelp for synleggjeringa av arealbrukskonfliktar i strandsona.
- 6) Det er viktig at det vert teke landskapsomsyn ved lokalisering av bygg og anlegg i planområdet. Vi vil be om at det vert utarbeidd illustrasjonar som synleggjer det visuelle frå Lindås sida og ”den indre farleia”, og at dette vert lagt ved når planen skal til offentleg ettersyn.
- 7) I søre del av regionen er det i liten grad lagt til rette for offentlege badeplassar. Det vil vere ein kvalitet for området og bustadaksen Knarvik – Frekhaug om planen legg til rette for eit slikt område.
- 8) Ein føreset at det ikkje vert gjeve løyve til bygging eller tiltak som gjev endring i landskapssiluet.

PS 114/08 Kommunedelplan for Radøy sør - vurdering av planframlegget i Radøy kommune - offentleg ettersyn

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune har ikkje merknader til arealbruken i Radøy kommune slik det er vist i kommunedelplan for Radøy sør.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Det var 8 medl.tilstades.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Lindås kommune har ikkje merknader til arealbruken i Radøy kommune slik det er vist i kommunedelplan for Radøy sør.

PS 115/08 Meldingar/orienteringar

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teken til orientering

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 21.05.2008

Meldinga vert teken til orientering